

---

**Saknr:** 2020/43381-79  
**Saksbehandlar** Petter Lem Gullestad  
**Dato:** 07.05.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Grunngeven tolking av reglement

Leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse, Karianne Torvanger, har i e-post datert 29. april 2020 bede om ei grunngeven tolking av økonomireglementet pkt 3.2 knytt til vedtaket frå hovudutval og kompetanse pkt 2 i justeringssaka.

Av reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2 følgjer:

«Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.»

Ei naturleg tolking av ordlyden er at utvalet kan gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa, innanfor rammene av budsjettreglement og årlege budsjettvedtak. Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23 vart vedteke av fylkestinget 17. desember 2019. I dokumentet finn ein på side 72 flg. sektorbudsjett med dei ulike løyvingsnivåa. Budsjettreglementet er innteke på side 104 flg.

Av vedteke budsjettreglement punkt 3.5.2 følgjer:

«Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett - og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet. Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.»

Utvalet kan fremje forslag om budsjettjusteringer grunna endring i lov, forskrift eller uforutsette forhold. Endra politikktutforming er ikkje i samsvar med «fylkestinget sine føringar og prioriteringar».

I henhold til reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2 kan hovudtvalet gjere endringar i og mellom løyvingsnivå. Etter fylkesrådmannen si vurdering inneber realitetsinnhaldet i vedtaket punkt 2 ei oppjustering av løyvingsnivå utan motsvarande nedtrekk. Fylkesrådmannen si vurdering er at reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2 ikkje gir høve til dette.